Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

| Label_Behandlende enhet: | Label_Saksbehandler/L_telefon: | L_Vår referanse: | L_Deres referanse: | L_Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | Olav Lofthus / 55516212 | 19/125422-1 | | 04.06.2019 |
| | | Label_UO | | |

## Utlysing - masseoverskot E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle

I samband med planlegging av fellesprosjektet E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle. vil Statens vegvesen (SVV) og Bane Nor (BN) med dette orientere Dykkar kommune om at det no er mogleg å melde interesse for steinmassar. Samla masseoverskot i prosjektet er i storleik 10 mill. m3. Utlysinga er ein del av planarbeidet, der det er viktig å finne mest mogleg samfunnsnyttig bruk av steinmassane. Vi trur då at dette mellom anna kan gjelde planar for sjønære areal til by-/tettstad-/næringsutvikling i kommunal regi. Det vert lagt opp til at vesentlege deler av masseoverskotet kan fraktast på sjø direkte til mottakar, men frakt på land kan også vere aktuelt.

I første omgang ynskjer SVV/BN å inngå *intensjonsavtalar* med private og offentlege interessentar som melder seg. Eitt kvalifikasjonskrav i utlysinga er at interessent ynskjer å kjøpe/overta minimum 100.000 m3 tunnelstein.

Vi viser til utlysinga på våre nettsider for nærare informasjon og kontaktinfo:
https://www.vegvesen.no/Europaveg/e16banearnastanghelle/tunnelstein

Vi håpar De finn dette interessant og tek kontakt.

Med venleg helsing

Gunnar Søderholm
Prosjektleiar
*Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.*

# Treng du tunnelstein?




## Statens vegvesen og Bane Nor inviterer private og offentlege aktørar til å melde interesse for inntil 10 mill. kubikk overskotsstein frå fellesprosjektet E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle

Etatane ønskjer å gå i dialog med ein eller fleire aktørar i arbeidet med å finne mest mogleg samfunnsnyttig bruk av steinmassane. I første omgang vil det bli inngått intensjonsavtalar der partane er samde om å forhandle om ein endeleg avtale når plansituasjon og finansiering er avklara for begge partar. Eitt kvalifikasjonskrav i utlysinga er at interessent ynskjer å kjøpe/overta minimum 100.000 $m^3$ tunnelstein.

Prosjektet ligg inne i Nasjonal transportplan 2018–29 med oppstart etter 2024. Før godkjent plangrunnlag og fullfinansiering er på plass kan ein i dag likevel ikkje seie eksakt når anlegget vert gjennomført og massane er tilgjengelege.

Uttak av stein frå anlegget vil mest truleg pågå over ein periode på rundt fire-fem år.

Meir informasjon om masseavhendinga, døme på intensjonsavtale, og skjema for innsending av interessemelding kan lastast ned her:

**www.vegvesen.no/Europaveg/e16banearnastanghelle**

---

**E16 og Vossebanen**

BANE NOR

Statens vegvesen